

2023

Oppsummering av tilsynsesongen 2023



Yasir Nadeem

KAV - Hallingdal

01.03.2023


Innhold

1	Innleiing.....	1
2	KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning.....	2
2.1	Oppgåver.....	2
3	Handlingsplan til tilsynsplan for 2023 i dei ulike kommunane.....	3
4	Flå.....	3
4.1	Fokusområde.....	3
5	Nesbyen.....	4
5.1	Fokusområde.....	4
6	Gol.....	5
6.1	Fokusområde.....	5
7	Hemsedal.....	6
7.1	Fokusområde.....	6
8	Ål.....	7
8.1	Fokusområde.....	7
9	Felles for alle kommunane.....	8
9.1	Tilknytting kommunalt avløpsnett.....	8
9.2	Oljeutskiljarar.....	8
9.3	Slamtømming.....	9
9.4	Akutt forureining.....	9
9.5	Minireinseanlegg.....	10
9.6	Kap. 13.....	10

1 Innleiing

Forureiningsforskrifta kapittel [12](#), [13](#) og [15](#) regulerer kommunen sin mynde for spreidd avløp. Kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål samarbeider om tilsyn og oppfølging av avløpsanlegga som er regulert etter dette lovverket. Dette felleskontoret vert kalla KAV- Kommunalt Avløpstilsyn og Vassforvaltning. Ål kommune er vertskommune. Saman med Hol, Krødsherad og Modum kommune utgjer dei Vassområdet Hallingdal. I åra framover vil opprydding i spreidd avløp vera hovudfokuset for KAV. Dette etter pålegg frå Miljødirektoratet.

Dette er ein revidering av handlingsplan for 2023, der me tek ein kort oppsummering av arbeidet gjennomført i kvar einskild kommune.



Figur: Miljøtilstand- og miljømålklassifisering (Direktoratsgruppen vanddirektivet, 2018). Målet for alle vassforekomstar er god eller svært god økologisk og kjemisk tilstand jf. Vannforskriften.

2 KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning

Felleskontoret Kommunalt avløpstilsyn vart oppretta for blant anna å kunne nå dei måla som er sett til oppfølging og opprydding av spreidd avløp, samt gjennomføre dei pliktane kommune har som forureiningsmynde. Gjennom vertskommunesamarbeidet har me no etablert eit fagmiljø som er godt rusta til å ta tak i dette arbeidet.

2.1 Oppgåver

KAV – Hallingdal har følgjande oppgåver knytt til spreidd avløp

- Føre tilsyn med alle avløpsanlegg med mindre enn 50 pe tilknytt og sørgje for at desse ikkje fører til forureining og helseproblem, jf. forureiningsforskrifta kap. 12
- Handsame søknadar om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 15
- Handsame søknadar om løyve til å byggje avløpsanlegg etter plan og bygningslova
- Føre tilsyn med alle avløpsanlegg med mellom 50 -2000 pe tilknytt, og sørgje for at desse ikkje fører til forureining og helseproblem, jf. forureiningsforskrifta kap. 13
- Rettleie anleggseigarar og søkar
- Kartleggje forureining frå avløpsanlegg
- Arbeide mot at alle avløpsanlegg skal tilfredsstillast forskrift innan 2027-2033

KAV Hallingdal skal ved tildeling av nye utsleppsløyve arbeide for å sikre brukarinteresser, biologisk mangfald og godt vassmiljø, samstundes med at anleggseigars investeringar gir riktig utbytte.

3 Handlingsplan til tilsynsplan for 2023 i dei ulike kommunane.

Under kjem ei kort oppsummering av måla me har sett oss i 2023/2024. Med bakgrunn i tilsynsplan som er politisk forankra vil arbeidet med opprydding i spreidd avløp bli gjennomført. Dette er eit kontinuerleg arbeid for tilsynsmynde. Med over 6000 avløpsanlegg, vil nye godkjente anlegga i dag bli utdatert på sikt og tilsynsplikten vil vera gjeldande så lenge me har spreidd avløp.

Denne handlingsplanen skal reviderast årleg, der nokon av oppgåvene vil bli vidareført over fleire år, medan meir kortsiktige oppgåver vil bli gjennomført.

4 Flå

I Flå er det ca. 500 avløpsanlegg der 350 av desse er knytt til bustadar, resterande er til fritidsbustadar.

4.1 Fokusområde

I Flå vil hovudfokuset vera å få flest mogeleg bustadar knytt til kommunalt avløpsnett. Utover dette vil me prioritere bustadar med eldre slamavskiljar som ikkje er tett, for eksempel betong-kumringar, samt at synkekummar vil få pålegg om utbetring. Her vil det vera ei kartlegging som må gjennomførast, datagrunnlaget i vårt arkiv vil legga føringar for kor i kommuna me gjennomfører opprydding. Dersom det ligg slik til rette at "nyare" avløpsanlegg kan koplast på kommunalt nett skal desse på. Det same gjeldt utbetring, da det er rimelegare å samarbeide om ei felles løysing no enn å utbetra anlegget om få år, dette jf. Tilsynsplan som er politisk forankra.

I tillegg skal me prioritere å gjera ei kartlegging av Skarsdalen. Her er det mange eldre hyttar og få registrerte avløpsanlegg. Mange kan ha innlagt vatn og eldre gråvassanlegg som ikkje er registrert i vårt system. Det har også vore under vurdering å bygge overføringsleidning inn i Skarsdalen til kommunalt avløpsnett. Ein kartlegging av området vil kunne gje grunnlag for vidare arbeid. Dersom ein får tid utover Skarsdalen, vil me sette i gong kartlegging rundt Reinsjøfjell. Her er det fleire store infiltrasjonsanlegg. Det er likeins knytt usikkerheit til det nye avløpsdirektivet som kjem neste år, og kva for konsekvens det vil få for infiltrasjonsanlegg i kap. 13. Kartlegging vil uansett vera fornuftig, sjølv om det ikkje fører til pålegg om utbetring i denne omgang.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Oppsummering av tilsynssesongen 2023:

I 2023 vart det gjennomført ei kartlegging av avløpsanlegga i Skardsdalen frå Svangtjernet og inn dalen. Formålet med kartlegginga var å få ei oversikt over mengda avløpsanlegg samt kor mange av desse som er ulovleg bygde. Det er ein del ulovlege anlegg i Skardsdalen, i hovudsak mange gråvassanlegg, men også anlegg for totalavløp. Det er frå grunneigarar ynske om å utvikle Skardsdalen vidare for turistformål, og i den samanheng pågår det planlegging av ein overføringsledning mot Turufjell. Kartlegginga kan væra med å syne kva område og mengd eksisterande anlegg ein kan krevja koplars seg på eit kommunalt nett. Oversikt over områda og dei einstilte anlegga er tilgjengeleg på KAV sine Teams sider.

I 2024 er det 451 anlegg som skal tømmast i Flå

Det er 57 pågåande saker i Komtek

Det er 45 saker med varsel/pålegg i Elements for oppfølging.

5 Nesbyen

I Nesbyen er det ca. 1100 avløpsanlegg, der litt under halvparten er knytt til bustad og resterande til fritidsbustadar.

5.1 Fokusområde

Opprydding i spreidd avløp vil hovudsakeleg knytte seg til områder med moderat miljøtilstand i vassdrag. Det er fleire områder i dag som er utsett for stor hytte-utbygging. I 2023 skal målet vera å kartlegge alle hytter oppstrøms utløpet i Mykingsjøen. Her er det eit felles reinseanlegg som har kapasitet til å ta i mot meir avløpsvatn. Det vil dermed vera opprydding i gamle avløpsløyser i dette området som kommunen i dag ikkje har kartlagt. Eigedommar som ligg naturleg til for å knytte seg på kommunalt avløpsnett vil få krav om tilkopling. Dersom dette ikkje er mogeleg vil tett tank og gråvassløysing vera ei løysing som kan godkjennast. Nye avløpsanlegg vil ikkje bli godkjent i området grunna moderat miljøtilstand i Mykingsjøen.

Vidare utover dette startar arbeidet med å krevja tilkopling til kommunalt reinseanlegg. Nesbyen kommune har starta arbeidet med bygging av nytt reinseanlegg og kapasiteten vil auke i tida framover. Det vil dermed vera mange innbyggjarar som får dette kravet dei neste åra. Me skal gjennomføre møte med kommunen før tilsynsseason for avklare korleis me skal gå vidare med kravet om tilkopling.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Oppsummering av tilsynsseasonen 2023:

Arbeidet med opprydding i spreidd avløp ved Myking kom i gong sumaren 2023, med gjennomført tilsyn/kartlegging med alle anlegg som var vest for Ranten. Me fant nokon anlegg som ikkje låg i kommunalt system, desse fekk pålegg om tilkopling til Myking reinseanlegg, alternativt oppgradering av avløpsanlegg dersom det ikkje var mogeleg å nå felles leidningsnett for rimeleg kostnad.

Arbeidet vart stoppa grunna [Hans](#), som følgje av uveret vart vegen opp Rukkedalen øydelagt og me kunne ikkje komme inn til Myking utan køyre stor omveg. Me tok dermed ein avgjersle på at dette arbeidet måtte utsettast til 2024. Me var meir tent med fortsette tilsyn i andre delar av Hallingdal.

Dette fekk også følgjar for arbeidet med tilkopling av bustadhus til kommunalt reinseanlegg. Grunna uveret vart Nesbyen reinseanlegg øydelagd og vidare tilkopling kan ikkje skje. Arbeidet med tilkopling til kommunalt er dermed sett på vent til nytt reinseanlegg er på plass i løpet av 2024.

Det er 272 anlegg i Nesbyen som skal tømmas i 2024

Vidare er det 117 pågåande saker i Komtek

Og det er 67 saker om varsel/pålegg i elements for vidare oppfølging.

6 Gol

I Gol er det ca. 1405 avløpsanlegg der ca. 760 er knytt til bustad og resterande avløpsanlegg er til fritidsbustadar.

6.1 Fokuserområde

I Gol vil hovudfokuset vera å få flest mogeleg bustadar knytt til kommunalt avløpsnett. Utover dette vil me prioritere bustadar med eldre betong-slamavskiljar som ikkje tilfredstillar forskrift samt synkeummar, som vil få pålegg om utbetring. Her vil det vera ei kartlegging som må gjennomførast. Datagrunnlaget i vårt arkiv vil leggja føringar for korleis me gjennomfører opprydding. Dersom det ligg slik til rette at "nyare" avløpsanlegg kan samarbeide om ei felles løysing, vil også "nyare" anlegg få kravet retta mot seg. Dette jf. Tilsynsplan som er politisk forankra. Vi vil til ein viss grad prøve å gjennomføre geografisk opprydding, dette for å legge til rette for samarbeid .

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Det er mange MR (mini-reinseanlegg) i Gol. Målet er å gjennomføre tilsyn med dei resterande me ikkje har hatt tilsyn med i 2023. Dette for få status over tilstand for alle anlegga. Etter dette vil me prøve å gjennomføre tilsyn med alle anlegg kvart 3. år som i dei andre kommunane, sjå felles [post](#).

Oppsummering av tilsynssesongen 2023:

Alle **minireinseanlegg** som ikkje tidlegare hadde hatt tilsyn fekk besøk i 2023. Vidare tilsyn med minireinseanlegg vert gjennom gjennomgang av årsrapportar og tilsyn ca. kvart 3. år.

Det vart vidare ført tilsyn med **Fann In Dren pluss anlegg som er avløpsanlegg med biologisk forbehandling**. Bakgrunn for dette var at det er godkjent mange slike anlegg dei siste 2-3 åra og det var ynskje om dokumentasjon på at anlegga reinsa tilfredstillande (70%) på biologisk materiale. Resultatet var tilfredstillande og støttar den faglege vurderinga som var gjort i forkant.

Det vart ført fysisk tilsyn med **private avløpsanlegg sentralt i Gol sentrum**. Anlegga er følgt opp med førehandsvarsel om plikt til påkopling til kommunalt.

Det er vidare utført fysisk tilsyn med søknadar og diverse anlegg/områder etter behov.

2023:

Det er 108 pågåande saker i kontek

og det er sendt ut 68 førehandsvarsel/pålegg i 2023.

7 Hemsedal

I Hemsedal er det ca. 1700 avløpsanlegg der 450 av desse er for bustad, resterande avløpsanlegg er knytt til fritidsbustadar.

7.1 Fokusområde

I Hemsedal er planen å få Fjellstøllie på felles avløpsnett i Grøndalen, Grøndalen miljøreinseanlegg på grunn av alder på infiltrasjon. Infiltrasjonsanlegget er av eldre dato og tilfredstillar i dag ikkje krava som er sett. Det er ikkje langt i frå infiltrasjonsanlegget til påkoplingspunkt til anlegget i Grøndalen.

Utover dette vil me prioritere sanering/rehabilitering av eldre betong-slamavskiljar som ikkje tilfredstillar forskrift, samt synkekkumar til bustad. Her vil det vera ei kartlegging som må gjennomførast. Datagrunnlaget i vårt arkiv vil leggja føringar for kor i kommuna me gjennomføra opprydding. Dersom det ligg slik til rette at "nyare" avløpsanlegg kan samarbeide om ei felles løysing, vil også "nyare" anlegg få krav om oppgradering, dette jf. Tilsynsplan som er politisk forankra.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Det blir bygd nytt felles reinseanlegg i Lykkja-området. Her vil det vera ein jobb med pålegg og oppfølging av private avløpsanlegg som kan knytast til dette felles reinseanlegget jf. §27-3 i PBL.

Oppsummering av tilsynssesongen 2023:

Me hadde i 2022 laga ein liste over bustadar med volum og material val (1-2-3m³ betong), samt alder som tilsa at anlegga ikkje tilfredsstilte forskrift. Målet var å dokumentere anlegga for å gjera ein vurdering av om dei hadde behov for utbetring. Det vart gjennomført totalt over 100 tilsyn i Hemsedal, der 82 av desse var planlagde frå 2022. Arbeidet vart gjennomført som tenkt.

I Gol og Hemsedal kommune vart det gjennomført tilsyn med nokon nye anlegg. Dette var anlegg som hadde blitt etablert med biologisk forbehandling, Fann In-Dren pluss. Bakgrunnen for dette tilsynet var at me har godkjent fleire slike anlegg i nyare tid, og ønskja betre dokumentasjon på at forbehandling tilfredsstilte minst 70% reduksjon av biologisk materiale. Resultatet frå dette var positivt og støttar den faglege vurderinga som var gjort i forkant.

2023:

22 saker med pålegg, 82 tilsyn i 2023

Komtek: 83 pågåande + 12 utsett (saker som blir teke på nyåret 2024)

Lykkja avløpsanlegg hadde starta graving av den fyste røyrgata på nyåret 2024. Det vart i forkant sendt brev om plikt til tilkopling til anleggseierane i dette området. Fjellstøllie har vorte fylgt opp med brev om plikt til tilkopling.

8 Ål

I Ål er det ca. 1900 avløpsanlegg der ca. 700 av disse er knytt til bustadar resterande til fritidsbustadar. I Ål kommune er det svært få avløpsanlegg igjen som kan knytast til kommunalt nett. Det er rundt 50 anlegg som kan få dette kravet dei neste 5 åra, mange ligger tett på utbyggingsprosjekt og vil naturleg bli teke med i arbeidet som blir gjennomført.

8.1 Fokusområde

Hovudfokuset i Ål i 2023 vil vera kartlegging og opprydding i Breie Hyttefelt på Sangefjell. Dette er eit eldre hytteområde med mykje avløpsanlegg spreidd. Området ligger slik til at utviding av kommunalt avløpsnett ikkje er sannsynleg i åra som kjem. Dermed vil opprydding i dette feltet vera eit prioritert område så tilstanden her blir bra. Dette vil sikre drikkevatt for dei som har grunnboring i feltet, samt at reinsing av avløpsvatnet vil bli betre. Det er fleire som har registrert tett tank som einaste komponent i området. Det er då mest truleg gamle punktutslepp for gråvatnet.

Utover dette vil me prioritere å få bustadar med eldre betong slamavskiljar som ikkje er tette, eller ikkje har rett volum og synkekummar å få pålegg om utbetring. Her vil det vera ei kartlegging som må gjennomførast. Datagrunnlaget i vårt arkiv vil legga føringar for kor i kommuna me gjennomfører opprydding. Dersom det ligg slik til rette at "nyare" avløpsanlegg kan samarbeide om ei felles løysing, vil også "nyare" anlegg få dette kravet. Dette jf. Tilsynsplan som er politisk forankra.

Det vil i tillegg bli gjennomført tilsyn med kap. 13 anlegg, sjå felles [post](#).

Oppsummering av tilsynssesongen 2023:

Me hadde i 2023 satt som plan om å starte med områder som me ikkje ser som aktuelle og få til kommunalt avløpsnett. Sangefjell vart me no ferdig med pålegg om oppgradering av avløpsanlegg for 200 hyttar og såg det no som viktig å få kartlagt resterande hyttar i området. Breie hyttefelt vart dermed satt som mål for kartlegging, i tillegg til Breie grend. Det vart gjennomført totalt 137 tilsyn der 25 av desse var knytt til Breie grend.

Det var mange "nye" anlegg også som hadde mindre feil og manglar som eigar kunne rette enkelt sjølv, for eksempel spyling og reingjering av fordelingskum. Ved og reingjere denne, vil flottør fungere som tenkt og både grøftene blir nytta. Dette vil auke levetida på anlegget, og er noko eigar ser som positivt at blir kontrollert.

I Breie hyttefelt var det stor variasjon i nye og gamle anlegg, jamt over var det mykje bra der ca. 70 anlegg var heilt i orden og tilfredsstilte forskrift. I tilfelle der anlegg tilfredsstillt krav sett i forskrift, vil vår database (komtek) bli oppdatert så me sikrar betre dokumentasjon på tilstand i Ål kommune.

Breie 25 tilsyn 11 varsel om utbetring. 10 anlegg heilt i orden.

Breie hyttefelt, 112 tilsyn 20 varsel brev, 70 anlegg heilt i orden. 22 stk. er ikkje ferdig. 5 svar frå eigar. 2 saker avslutta.

9 Felles for alle kommunane

KAV – Hallingdal, laga i 2022/23 ein tilsynsplan som vil ligge til grunn for kven som får krav om utbetring og kva for anlegg og område me kjem til og prioritere i åra framover. Denne planen er politisk forankra i alle kommunane, og vil vera eit godt styringsdokument for arbeidet. Det vil likeins vera rom for å fråvike denne planen dersom uventa ting oppstår.

Til saman i dei 5 kommunane er det over 6000 avløpsanlegg. Dette vil i åra framover kunne bli redusert ved at fleire samarbeider, og bustadar der det ligg til rette blir knytt til kommunalt. Likeins blir det godkjent ein del nye anlegg for spreidd fritidsbusetnad, så totalen vil kanskje ikkje endre seg, men tilstanden på avløpsanlegga vil bli betre. Meir fokus på felles reinseanlegg vil gjera jobben med tilsyn meir overkommeleg i åra framover.

Tilsynsplan er meint som eit styringsverktøy. I denne handlingsplanen har me sett mål om kva me ønskjer å gjennomføre i ein kortare tidshorisont. Då det er vanskeleg og si noko om omfanget før ein startar arbeidet i eit område vil nokre punkt overførast til neste år.

Me tek gjerne imot innspel på denne planen frå publikum og administrasjon i kor enkelt kommune.

9.1 Tilknytting kommunalt avløpsnett

Noko som går igjen i alle kommunane er fokuset på å få bustadar tilkopla kommunalt nett. Dette vil vera ein fordel for alle i åra framover, både for å sanere eldre anlegg, og fordi me står ovanfor store investeringar innan VA i kommunane. Jo fleir som er knytt til felles reinseanlegg, jo rimelegare vil det bli for alle. Det er også kostnadar knytt til det å eige og drive eit privat reinseanlegg/infiltrasjonsanlegg.

Noko me ser gjennom tilsynsarbeidet er at desse anlegga ikkje blir vedlikehalde/rehabiliterert tidsnok. Noko som kan gjera at eit privat anlegg er "rimeleg" fordi ein ikkje oppfyller pliktane ved og ha eit slikt anlegg. Bustadar og fritidsbustadar som er innanfor rimeleg avstand til kommunalt nett, må rekne med få krav om tilkopling i alle kommunane i åra framover.

Oppsummering:

Tilkopling til kommunalt nett blir prioritert som planlagt i alle kommunane med unntak av Nesbyen, dette grunna flaumen som øydela reinseanlegget i Nesbyen. Arbeidet vil bli sett i gong når nye reinseanlegget er klart i løpet av 2024.

9.2 Oljeutskiljarar

I alle kommunane skal me kartlegge kven som har, og kven som burde ha oljeutskiljar. Mange er etablert før 2007 før det var søknadsplikt. Grunnlaget er mangelfullt, og kartlegging er målet i 2023. Når databasen er oppdatert vil me sende ut brev til alle som har anlegg, men manglar service og tømmeavtalar. Utover dette vil bedrifter som ikkje har etablert oljeutskiljar få krav om dette.

Oppsummering:

Arbeidet med kartlegging av oljeutskiljar i 2023, vart ikkje gjennomført som ønskja. Me hadde sjukemelding/fråvær ved kontoret og andre oppgåva måtte bli prioritert. Dette arbeidet blir vidareført til 2024, me tek ikkje inn årlege gebyr for oppfølging av desse anlegga, og såleis vil ikkje påverke økonomi eller gebyr/fond for avdelinga. Det er likeins viktig å få dette kartlagt.

9.3 Slamtømming

Med ny entreprenør på plass i 2023 vil me få til ein god dialog når det kjem til merknadar og oppfølging av slamtømming. KAV skal vera med slamtømmar ut i starten, dette for å opprette god dialog med sjåfør når det kjem til kva me ønskjer dei skal kontrollere ute i felt.

Det er også krav om foto frå alle anlegg etter tømming i det nye anbodet, for at databasen skal bli betre. Her kan me få dokumentert ein del gamle avløpsanlegg og få betre data på kor me skal gjennomføre tilsyn.

Slamtømmemerknadar skal følgjast opp i alle kommunane. Med ein entreprenør for heile Hallingdal, vil me kunne få eit betre utgangspunkt for kva for feil/merknadar me ønskjer rapportert, og kva dei skal innehalde. Dei skal også ta bilde av alle rapporterte avvik. Oppfølging av slamtømming vil vera ein del av tilsynsarbeidet der gamle utdaterte anlegg lett kan fangast opp. Oppfølging av slamtømmemerknadar blir i tillegg til dei ovannemnte punkta som er konkret for kor kommune.

Oppsummering:

Slamtømming i 2023, var første året med Telemark Godslinjer (TG). Då dei har vore underentreprenør tidlegare hadde me kjennskap til firmaet. Grunna sein snøsmelting i fjellet og [Hans](#) kom entreprenør ut av oppsett tømmeplan. Dette førte til at ein del anlegg vart tømt svært seint, og det var også anlegg som det ikkje var mogeleg å kome fram til. Dette tek me med oss inn i 2024, og kjem til legge ein tettare plan for oppfølging av tømming. Bildar som slamtømmar skulle ta etter tømming har vore eit kjempe bra supplement til tilsyn med eldre avløpsanlegg. Me får nå gode bildar der ein tydeleg kan sjå avløpsanlegg som manglar botn (synkekummar). Me har eit godt samarbeid med entreprenør og ser fram mot vidare samarbeid.

9.4 Akutt forureining

Tips frå publikum/slamtømmar om øydelagde og dårlege anlegg vil bli teke fortløpande gjennom året. Dersom for eksempel ei pumpe i ein pumpekum stoppar opp, vil det raskt renne avløpsvatn over/ut av kummen og det vil bli utslag til terreng. Eller dersom spreiegrøfta for eit eldre infiltrasjonsanlegg går tett. Slike sakar blir behandla med kort frist for utbetring og vil bli prioritert høgt framfor generell opprydding i eldre avløpsanlegg.

Oppsummering:

Me avdekte eit avløp som gjekk direkte til vassdraget i Hemsedal, denne saka vart løyst raskt med god hjelp frå kommunal VA i Hemsedal. Dette låg tett på kommunalt nett og ei mellombels løysing i haust vart resultatet fram til endeleg løysing kan etablerast til sumaren 2024.

Elles har det vore fleire hendingar knytt til [Hans](#), som ikkje har vore mogeleg og gjera tiltak med. Høg vasstand har ført til overløp i fleire kommunale og private anlegg, dette er tilfelle som betrar seg sjølv når grunnvasstanden går tilbake til normalt. Om det skulle vise seg og vera eit gjentakande problem i åra framover, då hendinga kan ha skapt problem i grunn, vil dette bli teke gjennom tilsyn/opprydding.

Me fekk også beskjed frå slamtømmar om eit avløpsanlegg som var fylt med olje, me reiste ut for tilsyn og fekk bekrefta mistanken frå entreprenør. Me sendte brev til eigar og fekk dei til å bestille spesialtømming. Vidare har dei fått pålegg om og kople seg til kommunalt avløpsnett.

9.5 Minireinseanlegg

Det er ca. 100 registrerte minireinseanlegg i dei 5 kommunane. Målet for desse anlegga er å gjennomføre tilsyn kvart 3 år. I nokon kommunar er det fleire anlegg, her vil me trenge og sette av 1-2 veker for få dette arbeidet gjennomført. Arbeidet vil på sikt bli meir rutinebasert når alle har fått opplæring i dei ulike anlegga, og kva ein skal kontrollere og sjå etter. Minireinseanlegg har hatt varierende reinsegrad, noko som har ført til at me har krevja hyppigare tømning av desse anlegga. Me har ikkje fleire anlegg i Hallingdal enn at dette er eit overkommeleg mål framover.

Oppsummering:

Me gjennomførte tilsyn med fleire anlegg i Gol kommune, som me hadde planlagt. Det vart teke 2 rundar med nokon anlegg, dette for at analysene ved laboratoriet i Moss (Eurofins) ikkje vart tilfredstillande ved runde 1 (for lite vatn å analysere).

Gjennom dialog med servicepersonell, har me også fått opp kvaliteten på arbeidet som blir utført i felt av leverandør. Me ser ein tydeleg trend på at reinsegraden har auka i dei aller fleste anlegg, med unntak av enkelte anlegg. Det blir tettare oppfølging av desse leverandørane framover.

Me fekk dermed også kontrollert om surrogatparameter me nyttar i felt kunne si noko om reinsegrad, og me ser at det er samsvar mellom kor klart utløpsvatnet er og nøyaktigheten mellom ortho-fosfat – Total fosfor. Jo høgare turbiditet (uklart vatn), jo større avvik mellom prøver teke i felt og total fosfor ved lab.

Me får stadig betre kunnskap om minireinseanlegg, og oppfølginga blir betre og meir riktig for desse anlegga.

9.6 Kap. 13

Kap. 13 anlegg, anlegg over 50PE, vil bli prioritert i områder med moderat miljøtilstand eller negativ trend for resipienten. I 2024 vil det koma nytt avløpsdirektiv som vil kunne endre mynde frå kommunen til Statsforvaltaren i mange større hyttefelt. Då me enda ikkje veit konsekvensen av denne revideringa vil kapittel 13 anlegg med infiltrasjon ikkje bli prioritert, med mindre dei kan knytast til større fellesanlegg/kommunalt nett.

Me har ca. 100 kap. 13 anlegg som kommunane i dag er mynde for. Målet er å gjennomføre tilsyn med 2-3 kap. 13 anlegg i kvar kommune årleg. I tillegg vil me sende ut påminning om prøvetaking og slamtømming for anlegg me ser har avvik. Alle eigarar av kap. 13 anlegg skal rapportere drifta til Miljødirektoratet innan 01. Februar for føregående år. Her skal blant anna prøveresultat ligge vedlagt.

Hovudmålet for kap. 13 anlegg i dei 5 kommunane er å sikre at anlegga får riktig drift. Å sikre god drift på større reinseanlegg vil føre til god reinsegrad, og dermed har me redusert utslepp til resipient. Kravet for dei fleste anlegga er 6 prøvar i året, eller 12 for anlegg over 1000PE. Ved å få eigarane til å ta desse prøvane vil dei også få eit forhold til korleis anlegget skal fungere. Samt at det gir tilsynsmynde eit grunnlag for kva anlegg som har behov for betre oppfølging.

Oppsummering:

Då me i 2023 fekk tilsett ein som skulle jobbe 50-70% med kap. 13 anlegg, vil me no sette fullt fokus på at anleggseigar skal ta dei lovpålagte prøvane. Grunna mangel på kompetanse, samt mangel på ressursar, har ikkje dette blitt gjennomført tilfredsstillande tidlegare. Krava til prøvetaking kom i 2007, men me ser enda at det er enkelte som ikkje tek prøvar.

Ved å ha ein stilling som jobbar fast med dei anlegga vil me kunne følgje dette opp. 2023 vart nytta for opplæring og kontroll med tilfeldige anlegg. Målet var å få dialog med alle eigarane og komme ordentleg i gong med årsrapportering. I starten av 2024, ser me tydeleg at rapportering har betra seg, og me håpar at i løpet av 2024 vil alle sende inn analyseresultat. Med bakgrunn i gode analyseresultat vil me enkelt kunne gjera ein vurdering av kva anlegg som har behov for oppfølging.